
Visdom - kunnskapen, pasienten og legen

ARTIKKEL

VESTBØ E

Sammendrag

Evidensbasert og tilrettelagt kunnskap er eit viktig grunnlag for god legegjerning. I tillegg kjem praktiskekunnskapar, klinisk teft og høveleg framferd. Det trengs likevel tillegg av ei djupare forståing av innhaldet i kliniskpraksis. Det er ikkje minst behov for visdom når medisinsk faktakunnskap skal tilpassast individet og smelte saman medindividkunnskapen. På vegen frå den vitskapelege artikkel til klinisk handling må kunnskapen reviderast fem gonger.Oppgåva er stor og tung, men likevel krev det gode møte med pasienten endå meir av legen i form av empatisk haldning ogtil og med at pasienten blir forstått utover si eiga sjølvinnsikt.

Den empatiske legen kan lett få personlege problem då det er lett å møte seg sjølv i døra i høve til eigne tap ogsorgreaksjonar. Gjennomarbeiding av desse er truleg like viktig som fritid og rekreasjon.

Pasientsentrert arbeid krev ofte mot og integritet av legen, men vi bør ta utfordringa og arbeide til beste forpasientane våre samstundes som vi tek vare på oss sjølve med innsikt i kva vi egentleg held på med.

Publisert: 20. mars 1999. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 7. september 2026.